



**Produksjon av julegaver er populært også i Uskedalen. Det har såleis vore med 36 unge i juleverkstaden i Bedehuset i kveld. Det er nesten dobbelt så mange som i fjor. Nelly og Jon Harald Kjærland leia tiltaket men også barne- og ungdomsarbeidar Ragnhild Nesse frå Bømlo var med og heldt andakt.**

Første del av verkstaden var for dei opp til 4. klasse og dei hadde litt av kvart på programmet. Til dømes laga dei jula i eit nøkkelskal - bokstaveleg tala - og dei baka pepperkaker og øvde seg på vindusmåling.

Andre del var for dei frå 5. klasse og oppover og då hadde deltakarane for ein stor del dei same aktivitetane som dei har i Hobbyklubben. Toving av hjerter (biletet) var ein populær antivitet medan andre laga marsipan. Også dei plasserte jula i eit nøtteskall!.

Foto: Ola Matti Mathisen